

## Statuttar for 17. mai på Lyefjell

### 1. 17. mai-komitèen

17. mai-komitèen består av foreldra/føresette til elevane i 6. og 7. klasse.

### 2. Styret 17. mai-komitèen

Styret for 17. mai-komitèen består av 8 føresette, 4 frå 6. trinn og 4 frå 7. trinn.

Foreldrekontaktane på trinnet har ansvar for at 4 føresette frå 6. trinn blir valt seinast på foreldremøtet hausten i 6. klasse. Desse er med i styret i 2 år.

### 3. Fordeling av oppgåver i styret

Forslag til fordeling av oppgåver i styret:

7. trinn: leiar med hovudansvar for teknisk, rekneskapsfører, hovudansvarleg leker, hovudansvarleg mat

6. trinn: nestleiar og medansvarleg teknisk, vara rekneskapsfører, vara leker, vara mat

### 4. Økonomi

Kr. 20 000 skal alltid bli overført som ein buffer til neste års 17. mai-komitè. Eventuelt overskot etter at rekneskapan frå 17. mai er gjort opp, får 7. trinn med seg til klassekassen. Dette kan bli ein god oppstart på innsamlinga til Polenturen i 10. klasse.

### 5. Evaluering

Det skal vera eit møte for oppsummering/evaluering av 17. mai før sommarferien. På møtet skal styret for 17. mai-komitèen møta. Leiar i styret kallar inn til dette møtet.

Lyefjell, 7. september 2016

Anna Bergitte Skårland

Leiar i FAU

## **Tilleggs kommentarar til statuttane for 17. mai på Lyefjell**

### **Gjeld berre for 17. mai 2017**

#### **Sikring av informasjonsflyt mellom FAU og styret i 17. mai-komitèen**

I en overgangsfase, vil FAU sjå til at styret får tilgang til gamle referat, malar og hugselister frå tidlegare styre. Styret for 17. mai-komitèen er ansvarleg for å føra protokoll og levera referat og rekneskap til FAU.

#### **Økonomi**

Overskotet frå 17. mai 2017 kjem FAU til gode. Hausten 2017 skal FAU setje over kr. 20 000 på ein konto som eit styremedlem frå 7. trinn disponerar. Etter 17. mai 2018, vil 7. trinn få med seg overskotet av 17. mai-feiringa, medan kr. 20 000 blir ført over på ein konto som ein person på neste trinn disponerar.

#### **Styret i 17. mai-komitèen 2016-2017**

For å sikra kontinuitet, vil styret i 2016-2017 vera samansett av 4 stk frå FAU i lag med 4 stk frå 6. trinn.